



REFERAT FRÅ HOVDSTYREMØTE IL SKARPHEDIN

torsdag 24.november 2011 kl. 19:00 - 20:30 på Hellandtunet

Tilstades: Øystein Wendelborg (alpin), Brynjulv Eika leiar (fotball), Olav Finstad nestleiar/sekretær (friidrett), Olav Lahus (handball), Øyvind Støren (langrenn), Åge Seltveit (sykkel), Jan Berge (kontrollkomiteen)

Meldt forfall: Bjørnar Nesje (barneidrett), Christian Dahl (kontrollkomiteen)

Ikkje møtt: Renate Øyen (svømming)

SAKLISTE

1. Referatsaker

Referat frå styremøtet 4.oktober 2011 er godkjent.

2. Orienteringssaker

MVA-registrering av fotballgruppa

Denne søknaden er nå tatt til følge av Skatt Sør. Betyr også generell godkjenning av å handtere andre særgrupper som eigne avgiftsobjekt (når dei får omsetn > 140.000 kr). Sannsynlegvis vil ikkje føring av fotballgruppa på eige org.nr skje før frå 1.1.2012. Vi kjem tilbake til dette etter dialog med revisor.

Aksjonæravtale IL Skarphedin - Bø kommune (Telemarkshallen AS)

Denne er nå undertekna av IL Skarphedin v/leiar og Bø kommune v/ordførar. Jf elles eige sak om eigedomstillhøva på Sandvoll under.

Deltaking i Bingo 2012

Søknad om å delta i Bøsenderet (O. Kristoffersen Bingodrift AS) er godkjent. Vi er ein av heile 12 organisasjonar som deltek her i 2012.

3. Økonomien i handballgruppa

Gjennomgang og presentasjon av tiltak v/Olav Lahus

Per i dag ser det ut som det kan bli eit underskot på noko over 100 000 kr. i år.

Budsjettet 2012 er basert på same overskot som i 2011, og er totalt budsjettert i null. (D.v.s. at ein kan få eit overskot viss cupen går noko betre.)

Eigenkapitalen ser ut til å bli på minus 40 000 kr. ved årsskiftet.

Kontrollkomiteen var på styremøte i handballgruppa. Dei er tilfreds med arbeidet gruppestyret no gjer.

Det blir laga eit notat frå dette møtet.

4. Budsjett for særgruppene 2012

Det var ein gjennomgang for å sikre at budsjettprosessen i gruppene er i gang.

Alpin: Aktivitetsnivået blant dei eldste går ein del ned, det betyr mindre utgifter til deltaking på større renn. Det betyr at volumet i budsjettet i 2012 går noko ned. Forsiktig budsjettert. Nullbudsjett.

Barneidrett: Same aktivitetsnivå som i 2011. Nullbudsjett.

Fotball: Prognosen i 2011 er kr. 100 000 i overskot. Budsjettet 2012 blir sett opp med eit overskot på kr. 50 000. Det er budsjettert med om lag same aktivitetsnivået som inneverande år.

Friidrett: Auka utgifter på satsing på ungdomsgruppa i 2012. Nullbudsjett.

Langrenn: Budsjettet inneheld ein del auka utgifter til satsing på junior og senior. Tilskot til anlegget på Nordbøåsen er sett opp med kr. 40000 i 2012. Det er budsjettert med eit underskot på kr. 11500. Hovudstyret synest det er OK å budsjettere med eit underskot i dette tilfellet.

Sykkel: Det må investerast i tidtakaranlegg, som førebels ikkje står på budsjettet. Det betyr at viss det blir kjøpt inn i 2012, blir det eit større underskot. Gruppa satsar på rekruttering. Nullbudsjett.

Svømming: Svømmegruppa sender eit budsjettforslag til Brynjulv Eika innan 15. desember.

5. Budsjett hovudlaget 2012

Leiar Brynjulv Eika og rekneskapsfører Bjørn Furnes får fullmakt til å lage eit budsjett før årsskiftet. Budsjettet blir sendt Hovudstyret.

6. Eigedomstilhøva på Sandvoll

Bø kommune ønskjer å ta over den delen av Sandvoll som IL Skarphedin eig. Sandvollarlegget består av 4 eigedommar der to står på Bø kommune, ein på IL Skarphedin og ein på Halvor Gåra som Bø kommune har festeavtale på.

Det tingløyste skøytet frå 1972 regulerer IL Skarphedin sine rettar til bruk av anlegget og Bø kommune sine plikter til å drifte anlegget er uavhengig av eigedomstilhøva. Anlegget består av uteområde/grøntområde som i dag er fotballbanar på og klubbhus/garderobeanlegg. IL Skarphedin har opp gjennom åra bruka store summor av eigne midlar på anlegget til omdisponering/rehabilitering av uteareal for å tilpasse anlegget til aktiviteten.

Bakgrunnen for ønskje om denne eigedomstransaksjonen er politisk: Det blei fremma i saka om aksjonæravtale Telemarkshallen / garderobe-klubbhuset på Sandvoll (som kommunen krevde driftsmidlar til). Fotballgruppa sitt synspunkt er at vi gjerne kan overføre denne eigedommen til kommune under føresetnad av at vi får med ei formulering i avtalen som sikrar at IL Skarphedin skal godkjenne alle anleggsmessige endringar på anlegget. Det vilkåret har kommunen godtatt.

Kommunen ønskjer å gjennomføre denne transaksjonen så snart som råd. Det kan bare gjerast av eit årsmøte i IL Skarphedin. Det betyr at vi i så fall må kalle inn til eit ekstraordinært årsmøte (sidan vårt ordinære årsmøte i april er for seint for kommunen).

Forslag til vedtak: *Styret i IL Skarphedin stiller seg positive til å overdra arealet som IL Skarphedin eig på Sandvoll til Bø kommune under føresetnad av at IL Skarphedin sine interesser i anlegget blir ivarettatt. Styret ber om at ei endeleg saksutgreiing blir framlagt for styret til godkjenning før det evt blir innkalla til årsmøte.*

For IL Skarphedin er det viktig at formuleringane i avtala blir god for oss. Hovudstyret ser at det vil vere fornuftig å bruke advokat før godkjenning av ei ny avtale.

Vedtak: Forslaget blei vedtatt

Ref. Olav Finstad